



**Bente Utne**

Dykkar ref.:      Vår ref.: 13/64-13 Arkivkode: K2-L32      Dato: 04.03.2014

### **Endring av tunellnamn etter høyring Haukanesberget og Lussandberget.**

Saka om namneforslag på tunellane i Haukanesberget og Lussandberget har no vore ute på høyring. Det har kome inn 2 forslag til endring. Desse forslaga går på ordet tunell og skrivemåten av dette ordet.

Granvin herad gjev full støtte til desse språklege endringane, då skrivemåten tunell ligg nærast vår dialekt.

Namneforslaga vert såleis

1. Folkedaltunellen
2. Bjørgatunellen

Vedlegg:  
2 høyringsforslag til namneendring.

Med helsing

  
Asbjørn Helleve

Einingsleiar teknisk drift  
Direkte innval: 56 52 40 32

Ingebjørg Winjum  
  
Ordfører



Hardanger

**Postadresse:**

Postboks 13  
5733 Granvin

**Internettside:**

[www.granvin.kommune.no](http://www.granvin.kommune.no)

**Telefon:**

56 52 40 00

**Org.nr.:**

844162502

**Telefaks:**

56 52 40 01

**Bankontnr.:**

6501 05 67305

**E-post:**

[postmottak@granvin.kommune.no](mailto:postmottak@granvin.kommune.no)

**Postgirokontnr.:**

0803 5786504

13/64-12 ASH L32

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Alexander Aga Røynstrand [[<mailto:alexi\\_15@hotmail.com>](mailto:alexi_15@hotmail.com)]

Sendt: 26. februar 2014 15:33

Til: Olav Seim

Kopi: Ingebjørg Winjum

Emne: [SPAM]

Viktighet: Lav

Hei.

Eg skjønner det slik at det skal veljast namn på dei nye tunellane som kjem i kommunen. Det er fleire som har ytra tankane sine kring bruken av tunnel eller tunell- og eg vil gjere det same og sender so denne e-posten for å seie at eg meiner absolutt at ein bør nytte det talenære alternativet tunell.

Mvh

Alexander A. Røynstrand

Sendt fra min iPhone

Ann Kristin Kjerland  
Villabyen3  
5614 Ålvik

27.02.2014

Granvin herad  
5736 Granvin  
postmottak@granvin.kommune.no

### HØYRINGSUTTALE

#### Saknr: 13/64-9 - Namnesaker tunellar Haukanes- og Lussandberget

Ordet *tunnel* bør skrivast *tunell*. Skrivemåten *tunell* er den som ligg nærast granvinsdialekten. Skrivemåtane er likestilt i dagens rettskriving og oppfyller § 4 i Lov om stadnamn.

Stadnamntenesta på Vestlandet støtta i namnesak for "Tyssetunellen" eit liknande initiativ 22. mars 2013<sup>1</sup>. Dei stadfesta at både -tunnelen og -tunellen er jamstelte rettskrivingsformer. Vidare viser dei til § 4 i Lov om stadnamn, der det er føreskrive at ein skal «ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen». Skrivemåten -tunellen ligg nærast talemålet i heile Hordaland og i ein stor del av landet elles.

Fylkesrådmannen sa i same sak at når formene i rettskriving er likestilte, kommunen ønskjer -*tunellen*, og dette i tillegg ligg nærast talemålet i Hordaland, bør dette vera avgjerande.

Beste helsing  
Ann Kristin Kjerland

---

<sup>1</sup> [http://polsak.ivest.no/polsak\\_filer/2013%5CFUV%5C2013018113-865651.PDF](http://polsak.ivest.no/polsak_filer/2013%5CFUV%5C2013018113-865651.PDF)